



## Referat frå møte UFAB 9. mars 2021


Stad: Teams



### Medlemmar UFAB

Namn	Funksjon	Område	Møtt	Forfall
Eystein Hauge	Kommuneoverlækjar	Voss Herad	Teams	
Dag Erlend Skjelbreid	Kommuneoverlækjar	Kvam Herad	Teams	
Unni Solem	Kommuneoverlækjar	Ulvik kommune	Teams	
Aina Skjoldal	Ass. Seksjonsleiar	Helse Bergen. Amb.	Teams	
Åge Jensen	Ass. Seksjonsleiar	AMK Bergen		X
Anne Karoline Pedersen	Seksjonsleiar	AMK Bergen	Teams	
Ralf Teetzman	Avd. overl. Anestesi	Helse Bergen, Voss sjukehus		X
Ole M. Thorseth	Kommuneoverlækjar	Vaksdal kommune		X
Øyvind Østerås	Avdelingsleiar	Helse Bergen, AMA	Teams	
Otto Sæthre-Hansen	Seksjonsleiar	Helse Bergen. Amb.	Teams	
Rita Høvset	Kommuneoverlækjar	Eidfjord kommune	Teams	
Silje Todnem	Legevaktsjef	Hardanger- og Voss IKL		X
Elin Seim	Avdelingssjukepleiar	AKM/LV Voss sjukehus	Teams	

Sak nr.		Ansvarleg	Tid/ status
1/21	Godkjenning av møteinnkalling og referat frå førre møte	Eystein	
<b>Restansar</b>			
4/20	<b>Tenesteavtale 11</b> Ei arbeidsgruppe bestående av rep. Frå Voss herad, Helse Bergen og Voss sjukehus har jobba fram eit utkast til ny tenesteavtale 11. Denne vil bli sendt til samarbeidsutvalet for uttale, deretter til dei ulike kommunane for vedtak. Det vil vera behov for	Eystein og Øyvind. Alle komm. overlegar	<b>Slutført</b>

	<p>utarbeiding av meir detaljerte planar og særavtalar knytt til ulike punkt i tenesteavtala. Vedlagt utkast til avtale</p>  <p>201118_Tenesteavtal e 11_utkast til revider</p> <p>Godkjent i alle samarbeidsutval og i HB og HDS. Alle kommuneoverlegar sjekker og fyljer opp at avtale blir signert i eigen kommune.</p>		
5/20	<p>Daglegevakt Voss Herad</p> <p>Voss herad har starta prosjekt knytt til daglegevakt. Mandat er på plass, men arbeidet er lagt på vent ettersom mykje arbeidskapasitet går til drift av luftvegspoliklinikk. Arbeidet vil bli teke opp att når det er kapasitet.</p>  <p>ENDELIG Prosjektmandat dag</p>	Silje	Utsett til neste møte
6/20	<p><b>Legevaktbil</b></p> <p>Arbeidsgruppa har identifisert ei utfordring knytt til å drifte legevaktsbil innanfor dei økonomiske rammer som er lagt som premis i prosjektet. Det vert jobba med å sjå kva handlingsrom som finnes innanfor ulike turnusordningar for ambulanspersonell, sett opp mot legevakta sitt behov for tidspunkt for drift av bil. Styringsgruppa vil få rapport frå arbeidsgruppa så snart det er utarbeidd berekningar.</p>	Silje og Otto	Utsett til neste møte
8/20	<p><b>Informasjonsoverføring</b></p> <p>Det er behov for klare rutinar for kva informasjon som skal fylja pasientar ved overføring mellom sjukehus og institusjonar. Dette har vist seg å vera eit problem ettersom meir og meir informasjon er digitalisert og dermed ikkje tilgjengeleg for personell som transporterer pasientar. Må også sjå på korleis ein kan sikre at informasjonen i minst mogleg grad går gjennom fleire ledd som svekkar kvalitet på viktig informasjon. Spesielt ambulanse og luftambulanse.</p>	Elin	Ikkje ferdig. Leveres i løpet av vinter - 21
10/20	<p><b>Faktura frå politi</b></p> <p>Dette er eit gjentakande tema, både i AMK og ved legevakter. Dette er teke opp mellom helsedirektoratet og politidirektoratet, samt i ulike andre forum regionalt og lokalt. Det finnes eit rundskriv som omtalar samarbeid mellom helse og politi. Ynskje om å få til eit samarbeidsmøte mellom Kvam LV, Voss LV, AMK og Vest politidistrikt.</p>	Dag Erlend, Silje og Åge	Utsett til vinter - 21

	 <p>Brev fra Politiets fellestjenester av 27.</p> <p>Silje, Dag Erlend og Åge jobbar med dette fram mot neste UFAB.</p>		
14/20	<p><b>Bliksund for legevaktene</b></p> <p>Gjort eit arbeid for å få felles rutinar på tvers av legevakter. Litt utfordring med korleis den tekniske løysinga fungerer i dag, knytt til oppdatering, vedlikehald og prosedyrar og ein må sjå på kva prosedyrebøker som skal abonnerast på. Spelt inn å laga felles prosedyrar for legar og ambulansar, men dette krev store ressursar.</p> <p>Det må også vera ein kommunikasjon mellom ambulanseteneste og legevakt knytt til når det kjem oppdatering av prosedyrar.</p> <p>Ynskjer å ta denne saka inn til Felles UFAB, der ein kan løfte problemstillinga og evt. Vurdere vidare tilnærming.</p>	<p><b>Eystein og Øyvind</b></p> <p>(Silje)</p>	<p><b>Utsett til neste møte</b></p>
16-2/20	<p><b>Transport av personer med påvist eller mistenkt smitte</b></p> <p>Er ei utfordring for AMK/ambulansetenesta og innimellom også for legevakt. Problemstillinga er løfta til føretaksleiinga, ettersom forskrift om pasientreiser ikkje er relevant for bruk av anna transport enn drosje og ambulanse. Voss herad har etablert ei avtale med Nabobeino knytt til transport ved spesielle høve. Dette er ei ordning som fastlegar og andre relevante instanser kjenner til. Røde Kors lokalt på Voss har også hatt ein del frivillige gjennom kursing for å gjennomføre denne type transport.</p> <p>Status: Det har vore eit behov for transporttjeneste i Ulvik knytt til smitteutbrot. Helse Bergen har tilbudt og gjennomført opplæring i smittetransport for to (2) personar i Ulvik.</p> <p>Denne type opplæring kan også andre kommunar få tilbod om ved behov.</p> <p>Det er eit behov for å tilby opplæring til drosjenæring på Voss for å unngå bruk av ambulanse unødvendig. AMA tek dette vidare med pasientreiser.</p>	<p><b>Eystein</b></p>	
20/20	<p><b>Mulig flytting av Voss IKL</b></p> <p>Det går føre seg ein prosess der ein ser på ny plassering og organisering av legevakt på Voss. Bakgrunnen for dette er økonomi. Ein skal sjå på om det er aktuelt å trekkje legevakt ut av sjukehuset og drifte legevakt anna stad. Ein skal også sjå dette opp mot arbeid med konseptutgreiing for nybygg på Voss sjukehus.</p>	<p><b>Silje</b></p>	<p><b>Utsett til neste møte</b></p>

<b>Nye saker</b>			
<b>2/21</b>	<p><b>Kompetanseløftet i ambulansetjenesten</b></p> <p>Jobbar med kompetansestige for dei tilsette. Kvar ambulanseseksjon har tilsett fagutviklar i 50% stilling. Utvikla kompetanseplanar for å sikre at kvar ambulanse har tilstrekkeleg kompetanse til å utføre ordinerte tiltak.</p> <div style="display: flex; justify-content: space-around; align-items: center;"> <div style="text-align: center;">  <p>210309_UFAB presentasjon AMA.pln</p> </div> <div style="text-align: center;">  <p>210309_UFAB Informasjon februar</p> </div> </div>	<b>Øyvind</b>	
<b>3/21</b>	<p><b>Påskeberedskap</b></p> <p><b>Voss legevakt</b> Dobbel sjukepleiebemanning frå fredag i palmehelga til og med 2. påskedag. Auka med ein (1) lege på vakt frå skjærtorsdag til og med 1. påskedag.</p> <p><b>Voss sjukehus</b> Auka bemanning med ortoped/kirurg alle raude dagar</p> <p><b>Eidfjord kommune</b> Plan for reisande som treng husvære dersom vanskar med reise på grunn av karantene/isolasjon.</p> <p><b>Ulvik kommune</b> Plan for pasientar frå Finse/Bergensbanen dersom behov for transport med VY (smitte)</p> <p><b>Vaksdal kommune</b> Ikkje noko spesielt</p> <p><b>Kvam kommune</b> Ikkje noko spesielt</p> <p><b>Ambulansetjeneste</b> Ordinær bemanning alle dagar. Dagbil (ambulanse) utgår på raude dagar. Vil sjå på høve til å bemanne legebil nokre dagar.</p> <p><b>AMK</b> Ordinær bemanning</p>		
	<b>Neste møte 1. juni kl. 0915</b>	<b>Silje</b>	

*Elin (ref.)*